

AVTALE OM BRUK OG OVERTAKING AV BERBAR DATAMASKIN I DEN VIDAREGÅANDE SKOLEN

MELLOM

Molde videregående skole, org nr 974 576 422, og

elev **Pers.nr**.....

Bruken og overtakinga av den berbare datamaskina mellom Molde videregående skole og eleven er regulert av vilkåra i denne avtalen.

1. UTSTYR

"UTSTYR" er i denne avtalen definert som sjølve datamaskina, ladar og programvare slik det går fram av avtalen:



Type utstyr:	Apple MacBook Air 13
Proseszor:	1.6 Ghz tokjernet Intel Core i5
Internminne:	8 GB RAM
Harddisk:	128 GB SSD
Skjermkort:	Intel HD Graphics
Skjerm:	13.3" LED 1440 x 900
Operativsystem:	MacOS X 10.11 El Capitan
Diverse:	Ladar / straumadapter

Serienummer (vert påført ved utlevering):.....

2. BRUK

Utstyret skal brukast i opplæringssamanheng og i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt IKT-reglement og skolen sitt reglement og retningslinjer for bruk av datautstyr, digitalt utstyr og nettverk.

Eleven forpliktar seg til å handtere utstyret med varsemd, slik at det ikkje vert utsett for tap eller skade. Datamaskina skal transporterast på forsvarleg måte. Eleven må aldri forlate datamaskina i ulåste rom på skolen.

Eleven er sjølv ansvarleg for å ta tryggleikskopi av eigne data. Dette gjeld òg ved innlevering hos IKT-avdelinga på skolen.

Eleven er ansvarleg for alle feil som kan skyldast støt, press, uhell, ytre påvirkning eller uforsiktig bruk/oppbevaring/transport.

3. BRUKSRETT

For utstyr omfatta av denne avtalen, byrjar bruksretten frå skolestart 2016 og varer så lenge eleven er elev ved vidaregåande skole eigd/driven av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ved vesentleg mishald av avtalen kan Molde videregående skole heve avtalen. Heving medfører at eleven umiddelbart må levere tilbake utstyret. Dersom eleven har betalt for bruken også for perioden etter heving, vil overskytande beløp ikkje bli betalt tilbake til eleven.

4. OVERTAKING

Når eleven sluttar ved vidaregåande skole eigd/driven av Møre og Romsdal fylkeskommune og alle eigendelar er innbetalt, overtek eleven utstyret, jf. pkt. 5.

Typenemning, fabrikasjonsnummer og liknande som tener til identifikasjon av datautstyret må ikkje fjernast så lenge utstyret tilhører skolen.

Ved overtaking skal alle programmer som er lisensiert til skolen avinstallerast/slettast. Dette gjeld mellom anna programvare i Adobe Creative Cloud og Microsoft Office. Skolen avgjer korleis avinstalleringa/slettinga skal gjerast.

5. BETALING

Eleven må betale ein årleg eigendel på kr 2646,- pr. skoleår, til saman kr 7938,-. Beløpet forfell til betaling ein gong pr. skoleår. Det vert sendt faktura for bruken omkring 15.november med betalingsfrist 30 dagar. Ved for sein betaling vert det sendt ei purring. Purring medfører forseinkingsrenter i samsvar med den til kvar tid gjeldande prosentsats etter lov om renter ved for sein betaling. Ved manglande betaling etter purring vert kravet sendt til inkasso. Eleven har ikkje rett til å motta PC-stipend frå Møre og Romsdal fylkeskommune (kr 2500,-). Har eleven tidlegare mottatt PC-stipend, må dette betalast tilbake.

Når alle eigendelar er betalt og eleven sluttar i vidaregåande skole beheld eleven datamaskina. Dersom eleven sluttar i vidaregåande opplæring etter 2 år, vil eleven kunne få med seg den berbare datamaskina ved å innbetale gjenståande eigendel/eigendelar.

6. SERVICE OG VEDLIKEHALD

Ved eventuell service/repasasjon vil skolen prøve å stille til rådvelde ei reservedatamaskin for eleven i reparasjonstida.

Ved installasjon, oppgraderingar og avinstallasjon nyttar skolen ei image-løsning. Det som ligg på harddisken blir da sletta. Eleven er ansvarleg for å kopiere ut det som er ønskjeleg før nytt image blir lagt inn.

7. GARANTI OG FORSIKRING.

Datamaskina har 2 års garanti etter forbrukarkjøpslova, men er IKKJE forsikra. Garantien gjeld så lenge brukaren er elev ved vidaregåande skole eigd/driven av Møre og Romsdal fylkeskommune, men maks 3 år.

8. LEIGEBELØP/BETALINGSVILKÅR

For bruken av datautstyret betalar eleven eit beløp etter pkt. 5 i denne avtalen.

9. GENERELLE REGLAR

A: SKOLENS REGLEMENT

Skolens gjeldande reglement vert omfatta av denne avtalen.

B: ENDRINGAR OG OVERDRAGING

Eventuelle endringar i denne avtalen er berre gyldige og bindande dersom desse er skriftlege og underskrive av partane. Partane har ikkje rett til å overdra denne avtalen til ein tredjepart utan skriftlig samtykke frå den andre parten.

C: KONFLIKTLØYSING/VERNETING

All usemje som eventuelt måtte oppstå i samband med denne avtalen skal først søkjast løyst utanrettsleg mellom partane. Som verneting har partane vald elevens verneting.

10. AVTALEDOKUMENT

Denne avtalen er utferda i 2 originale eksemplar, eitt til kvar av partane.

Molde videregående skole

Namn på eleven. Skriv tydeleg!

Eleven sin signatur

Autorisert representant sin signatur

Dersom Eleven er under 18 år må denne avtalen underteiknast av eleven sine føresette.

Namn på føresette.

Føresette sin signatur